

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. No. 12

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kvitøy

Emne: Gamal engkultúr

Bygdelag:

Oppskr. av: Martin Reimertsen

Gard:

(adresse): Kvitøy

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sp. 1. Her på plassen er det bare små gardar, så nokon utslått har aldri vore.

Ordet eng er nytta for heile høy böen.

Den beste og tjukkaste eng bli kalla for sjukkeeng, det andre smieeng. Det har bare vore langorvslått.

Sp. 2. Dette fell rekk ha.

All stein bli rydda rekk om varen frå enga og lagt i store røyser på slike plasser dei ikkje gjorde nokon skade.

Sp. 3. Det var som ein regel å spe opp slike engstykker som det vaks moss i. Eller bli dei "hevda" godt for at grasst skulle ta makta frå mossen.

Det bli for det meste brukt kjøpt grasfrø.

2.
Sp. 4. Myr og rassjuk eug. Vatning.

I myrane og rassjuk eug sette dei veiter som one seier, for å leida vatnet vekk. Dette går for det meste til sjien.

Vatning har aldri vore brukt her.

Sp. 5. Gjødsling.

Enga blei om raien gjødsla med vintugjødsl. Dette er brukt her så lenge folk kan hugsa.

Det var for det meste den flyktande gjødsla (laun) som blei brukt på engane. Det andre blei brukt på åkrane. Då saene går ute heile året var det gjødsl som ein aldri rekna med.

Sp. 8. Gjødslinga fægjekk alltid om raien. Dei same redskapene blei nytta til allslags gjødsling. Til å spicia smøkke bruke dei nokon smi greiper som dei kalla "sprettegreip."

Det var rundt 1900 telet det kom omni moderne redskaper.

Sp. 9. Husedyra fekk aldri beite engane for om haustene etter slätten.

Dette var helst til beite for dyra og for å spara på høyet.

Sp. 10. Beitinga for husedyra har halde seg heilt til nå.

Sp. 11. Nei, den gjødsla som husedyra la etter seg blei liggjande.

Sp. 12. I utoemarkene her har det ikkje
vone sūmafjøs. Tidleg på våren og
seinhausten tok dei krøtera heim i
dei vanlege fjøs.

Sp. 13. På den delen av gården som
one kallar utoemarka er avskilt
frå det andre, har det aldri vone
andre innhegningar enn den eine.

Sjønsmila frå 14-20 kjem ikkje i
betraktning her.

Sp. 21. Ja, eng bli gjødsla med: tung,
sild og fiskearfall:

Når tangen om vintrene bli ropt
opp gjennom skuddene tok bondene
den i kjere og slær og kjørte den
utover åkrar og eng.

Fiskearfall og sild fekk dei når
dei store sesongfiskeiene stod på
Denne gjødsla stod så til våren
og då tok dei og spreide den utover,
helst på åkrane, men også på enga.
Likeens var det some som grov
sand "sjøsand" som one seier
den var svært kalkholdig meinte dei.

2505